



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Kjersti Flatråker

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2992 - 14/12127

Saksbehandlar:
Anja Broch
anja.broch@radoy.kommune.no

Dato:
07.11.2014

Sak om gjerdehald og sauebeite på Krossøy

Vi viser til brev frå grunneigarane på Krossøy datert 30. oktober 2014.

Krossøy Beitelag fekk i 2008 kr 50.000 i SMIL-midlar til gjerde på Krossøy. Løyvinga tilsvarte 50% av et kostnadsoverslag på kr 100.000 der omlag halvparten var gjerdemateriell og resten arbeidsinnsats. Beitelaget sette opp gjerdet og fekk sluttutbetaling i 2009.

Sidan 2008 har det gått sau på beite på Krossøy i regi av beitelaget men desse er no tatt vekk etter usemje mellom grunneigarar og beitelag. Beitelaget ynskjer no å ta ned gjerdet då dei ikkje lenger vil nytta beitene på Krossøy.

Landbrukskontoret finn at løyvinga er gitt til gjerde på Krossøy og at det difor ikkje skal takast ned. Me viser der til vedtaksbrev frå Austrheim kommune med arkivsaksnr 08/273; «*saka gjeld tilskot til oppsetting av gjerde, grindar, klyv mm på gnr 164, bnr 1, 4, 5 og 7*». I vilkår for løyvinga blir det vist til pkt 5 i søknadsskjemaet der det mellom anna står følgande: «*Søklar er ansvarleg for å... -betale attende tilskotet, heilt eller delvis, dersom det oppstår tilhøve som er i strid med føresetnadane for løyvinga*».

Radøy Kommune fattar med dette varsel om vedtak jf § 16 i Forvaltningslova. Tilskot til gjerde vil bli krevd attendebetalt, heilt eller delvis, viss gjerdet fjernast. Dette brevet er eit varsel om vedtak og dykk har høve til å uttale dykk i saka med frist 21.11.2014.

Dette brev er sendt i to likelydande eksemplarer til Mikal Krossøy på vegne av grunneigarane og til Kjersti Flatråker på vegne av beitelaget. Me føreset at dokumentet vert vidare sendt andre grunneigarar og medlemmar i beitelaget.

Med helsing

Anja Broch
konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Kjersti Flatråker
Mikal Krossøy

Krossøyvegen 488 5943

AUSTRHEIM